



Kinn kommune

## Retningslinjer for mobilbruk

Vedtatt formannskapet 02.06.2021.  
Ansvarleg: Innkjøpsavdeling

# Retningslinjer for bruk og kjøp mobiltelefon

Vedtatt i Administrasjonsutvalet 19. oktober 2021.

Den daglege bruken av mobiltelefonar i Kinn kommune er særst viktig for vår verksemd. Hensikten med retningslinjer for mobilbruk er som følger:

- Å bidra til å sikre naudsynt merksemd og personleg ansvar i bruk av mobiltelefonar.
- Å beskytte immaterielle rettar (IPR) som fortruleg dokumentasjon og kommunikasjon (mellom anna sms og e-postmeldingar).
- Å bidra til å sikre at bruk av mobiltelefonar i Kinn kommune er i tråd med Kinn kommune sitt overordna mål om kostnadsfokus.
- Å la tilsette nytte telefonen til det ein ønsker samtidig som Kinn kommune dekker normal tenestebruk.

## Innhaldsoversikt

[1. Ordningar for dekking av mobilbruk i Kinn](#)

[2. Mobil bruk utanfor Noreg og EU/EØS \(roaming\)](#)

[3. Rapportar og oppfølging](#)

[4. Diverse](#)

[5. Mobil sikkerheit - gjeld for alle tilsette i Kinn kommune](#)

[6. Mobilskatt](#)

[7. Dagens avtale om støtte og bruk av mobiltelefon](#)

[8. Idriftssetting og kontaktperson](#)

# 1. Ordningar for dekking av mobilbruk i Kinn

## Kven kan tildele kommunal mobiltelefon

Kommunedirektøren, kommunalsjefar og tenesteleiarar.

## Kven kan få kommunal mobiltelefon (i og utafør arbeidstid)

Tilsette med oppgåver og ansvar som gjer at Kommunedirektøren, kommunalsjefar og tenesteleiarar finn det føremålstenleg at den tilsette er utstyrt med mobiltelefon.

Den tilsette kan sjølv velje anten å legge igjen telefonen på arbeidsplassen eller å nytte den i fritida.

## Kva dekker kommunen?

- Telefonen er å rekne som Kinn kommune sin eigedom. Kommunen dekker inntil kr 8.000,- eksklusiv meirverdiavgift kvart tredje år.
- Den tilsette må sjølv dekke kostnader utover dekt beløp. Sum over 8.000,- eksklusiv meirverdiavgift skal i sin heilheit trekkast frå løn neste månad.
- Tenesteleiar er ansvarleg for at løn varslast slik at den tilsette blir trekt korrekt beløp.
- Alle telefonar skal ha deksel og glassbeskyttelse til skjerm. Dette betalast av arbeidsgjevar og inngår ikkje i fribeløpet. Tilsette som ikkje tar desse forholdsreglar må sjølv dekke eventuelle reparasjonskostnader.
- Det ventast at tilsette i Kinn kommune tar godt vare på mobiltelefonane sine. Dette inkluderer å ta naudsynte forholdsreglar, slik at ein unngår stålne, mista eller øydelagde telefonar. Om arbeidsgjevar skal erstatte tapt telefon med ny (ev. også tilsvarande) telefon, skal vurderast i kvart einskild tilfelle.
- I dei tilfelle mobiltelefonen har vore utsett for heilt spesiell slitasje som følge av utarbeid/anleggsarbeid, kan tenesteleiar i det einskilde tilfelle vurdere å erstatte ny mobiltelefon tidlegare enn kvart tredje år.
- Dersom den tilsette avsluttar arbeidsforholdet og ikkje lengre har rett til kommunal telefon, kan den tilsette kjøpe ut telefonen. Kommunens andel avskrivast då med 1/3 pr. påbegynt år. Eventuelt restbeløp trekkast frå løn.

## Framgangsmåte for bestilling av mobiltelefon

- Tenesteleiar aksepterer behov for telefon.
- Telefonen skal bestillast gjennom kommunens rammeavtale. Ønsker den tilsette ein dyrare telefon skal tenesteleiar varsle løn slik at sum over dekt beløp trekkast i sin heilhet ved neste lønning.

## Bruddavgifter i samband med nytilsetting

- Ei eventuell bruddavgift må dekkast av tidlegare eigar av abonnementet.

- Unntak frå bruddavgifter skal godkjennast av kommunalsjef/Kommunedirektøren.

## **Kva dekker det faste abonnementet**

- Samtalar i Norge til åttesifra norske nummer for fastnett og mobil.
- Tenestesamtalar til/fra EU/EØS og øvrige land/stater.
- SMS/MMS i Norge til åttesifra norske mobilnummer.
- Mobilt Breiband i Norge på inntil fire SIM-kort på same abonnement. Antall SIM-kort kommunen dekker avhenger av nødvendig utstyr i tenesta.
- Tenesteleiar fastsett inkludert datapakke for dei tilsette (1/10/50GB).
- Bruk av mobiltelefonen i utlandet innen EU/EØS.
- Spesialnummer (femsifrede og nummerserier som starter på 800, 810 og 815).
- Opplysningsteneste gjennom applikasjonen til Telenor MobiltBedriftsNett.

## **Kostnader som ikkje dekkast, og som blir trekt månadleg i løn:**

- Mobile innhaldstenester og betaling via mobilen for varer/tenester.
- Opplysningstenester (1880, 1881, 1888 etc). MobiltBedriftsNett app har 1881 opplysningstjeneste, og denne skal nyttast.
- Teletorg-nummer som starter på 820, 829.
- Differanse mellom dekt datapakke og ønska datapakke.
- Databruk utover pakke.
- Bruk i utland utover EU / EØS.
- Privatsamtalar til EU/EØS og til/fra øvrige land/stater.
- Mobile betalingstenester som donasjonar, parkering, ulike abonnementstenester avstemmingar og liknande.

## **2. Mobil bruk utanfor Noreg og EU/EØS (roaming)**

Mobilbruk i utlandet kan bli kostbart, spesielt bruk av mobildata. Det anbefalast difor at Kinn kommune sine tilsette held bruken på eit minimumsnivå ved opphald i utlandet. Rimelegare alternativ skal alltid nyttast når det er tilgjengeleg.

### **3. Rapportar og oppfølging**

Mobilkostnader følgast opp av tenesteleiar. Informasjon om kostnadar og bruk i månaden før er tilgjengeleg og det vil bli spesifisert kva som blir trekt i løn neste månad.

## **4. Diverse**

### **Permisjonar og pensjonering**

Telefonen kan som hovudregel nyttast under løna permisjon, dersom ikkje anna er avtalt mellom leiar og tilsett. Ved pensjon eller oppseiing avsluttast ordninga med tenestetelefon frå Kinn kommune.

### **Høve til å nytte kommunal telefon kun i arbeidstida**

Det er høve til å reservere seg mot å delta i denne ordninga. Tenestetelefon skal då ligge igjen på arbeidsplassen ved endt arbeidstid.

### **Trådløst nett i kommunale bygg**

Alle brukarar skal kople seg til kommunen sitt trådløse nett. Dette er tilgjengeleg på dei fleste kommunale bygg og vil spare mobildatakvoten til bruk utanfor dei trådløse sonane.

## 5. Mobil sikkerheit - gjeld for alle tilsette i Kinn kommune

- Det er ikkje tillatt å fjerne SIM PIN-kode
- Aktiver "skall-beskyttelse" / enhetslås. Dette for å unngå adgang til telefonen når den er slått på. Dette er obligatorisk for tilsette som synkroniserer Kinn kommune sin e-post med sine mobiltelefonar.
- Det er ikkje tillatt å opne eller vidaresende web-linker frå ukjend kjelde eller lenker tilgjengeleg i sosiale nettverk.
- Det er ikkje tillatt å laste ned og/eller vidaresende programmer eller dokument med mindre desse er klarert for virus eller kilden er klarert.

### Følgande prosess skal nyttast dersom ein mobiltelefon er mista eller blir stolen:

- SIM-kort må sperrast straks  
Ring Telenor kundeservice på 09000 (+47 915 09 000 frå utlandet) og rapporter SIM/mobil mista/stolen.
- Er mobilen stolen skal tjuveriet rapporterst til politiet og eventuelt til forsikringselskapet  
<https://www.politi.no/anmeldelse/tyveri-av-mobiltelefon>.
- Den tilsette må dokumentere at punkta over er gjennomført.

### Mobiltelefon i bil

Kinn kommune dekker kun kostnader med handfri installasjon i tenestebil.



## 6. Mobilskatt

Kinn kommune vil innberette i samsvar med det til ei kvar tid gjeldande regelverket for fordelsbeskatning av EK-utgifter (elektronisk kommunikasjon. Dei vart sist endra 1. januar 2014. Breiband og mobil er slått saman til éin EK-teneste med fast sats på kroner 4.400,- uansett kostnad for abonnement og bruk. Eventuell eigenbetaling hos den einskilde tilsett vil ikkje redusere sjablongbeløpet. Dette betyr at eit fast beløp på kroner 366,67 vil trekkast til fordelsbeskatning på lønsslippen kvar månad. Det blir inga avrekning i forhold til faktisk forbruk ved årsavslutninga.

Dersom den tilsette har ordning om at telefonen skal leggest igjen på arbeidsplassen ved tenestefritid, er bruk av mobiltelefon i teneste skattefritt.

Det er eit årleg fribeløp på kroner 1.000,- for innhaldstenester, altså kjøp av private varar og tenester med mobilen. Alt den tilsette kjøper av varar og tenester med mobilen under kroner 1.000,- vil vere fritatt for fordelsbeskatning. Ved årets slutt vil det gjennomførast ei avrekning, og alle beløp over kroner 1.000,- må innrapporterast i tillegg til sjablong.

## Brukarrettleiing

Det er utarbeidd ein brukarrettleiing for bruk av mobiltelefon. Denne er tilgjengeleg i Compilo.

## **7. Dagens avtale om støtte og bruk av mobiltelefon**

Denne avtalen erstatter tidligere ordninger i Kinn kommune om støtte og bruk av mobiltelefon.

## **8. Idriftssetting og kontaktperson**

Avtalen er gjeldande frå den 1. november 2021.